



Arkivnr: 2016/2317-1

Saksbehandlar: Linda Farestveit

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|------------------------------|--------|------------|
| Utval for opplæring og helse | | 10.03.2016 |

Anonyme prøver i vidaregåande opplæring i HFK

Samandrag

Fylkestinget vedtok i samband med budsjettet for 2011 at det skulle gjennomførast forsøk med anonyme heildagsprøver. Tre skular deltok i det første forsøket, som vart gjennomført våren 2011. Rapporten etter forsøket vart lagt fram for Opplærings- og helseutvalet 23.08.11. I same møte, sak 33/11, vart det vedteke at det skulle gjennomførast eit nytt utvida forsøk med anonyme prøver. Eit sentralt element i vedtaket var at ein i forsøket skulle ha fokus på å gi elevane gode tilbakemeldingar. I møte 21.08.12 sak 32/12 vedtok Opplærings- og helseutvalet at 10 skular skulle påleggjast å gjennomføre forsøk med anonyme prøver våren 2013.

Evaluering av forsøket i 2013 vart lagt fram for OPHE 17.09.13, sak 45/13. Evalueringa viste at tilbakemeldingane frå lærarane ved dei deltakande skulane var svært negative. Grunngevinga var at omfattande bruk av anonyme prøver i vidaregåande opplæring ikkje bidrog til å oppfylle krava om undervegsvurdering slik det går fram av kap. 3 i forskrift til opplæringslova. Elevane stilte seg meir positive til anonyme prøver i sine svar i evalueringsundersøkinga. Dette svarmønsteret er i samsvar med evalueringar frå andre fylke.

Opplærings- og helseutvalet vedtok i same sak at det skulle innførast ei fast ordning med anonyme prøver der siste heildagsprøve/prøve i fag med sentralgitt/lokalgitt skriftleg eksamen skulle gjennomførast anonymt. Ordninga har vore gjennomført våren 2014 og 2015. På grunnlag av erfaringar og tilbakemeldingar frå skulane og endringar i forskrift til opplæringslov kap. 3, meiner fylkesrådmannen at det er lite tilrådeleg å halde fram med ei obligatorisk ordning med anonyme prøver i HFK. Det er skulane v/rektor som har hovudansvar for å sikre at elevane får vurdering i samsvar med lov og forskrift, og det bør vere opp til den einskilde skule å bestemme om ein ønskjer å gjennomføre prøver anonymt eller ikkje.

Forslag til vedtak

Utval for opplæring og helse sluttar seg til fylkesrådmannen sitt forslag om at det frå våren 2016 skal vere frivillig for dei vidaregåande skulane å gjennomføre anonyme prøver. Viss skular skal gjennomføre anonyme prøver, må gjennomføringa skje på ein måte som sikrar at elevane får oppfylt krav til tilbakemelding, slik det går fram av forskrift til opplæringslova kap. 3.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 22.02.2016

Bakgrunn:

Fylkestinget vedtok i samband med budsjettet for 2011, at det skulle gjennomførast forsøk med anonyme heildagsprøver. Tre skular deltok i det første forsøket, som vart gjennomført våren 2011. Rapporten etter forsøket vart lagt fram for Opplærings- og helseutvalet 23.08.11. I same møte, sak 33/11, vart det vedteke at det skulle gjennomførast eit nytt utvida forsøk med anonyme prøver. Eit sentralt element i vedtaket var at ein i forsøket skulle ha fokus på å gi elevane gode tilbakemeldingar.

Alle elevar har rett til vurdering. Retten til vurdering inneber både ein rett til undervegsvurdering og sluttvurdering, og ein rett til dokumentasjon av opplæringa, (§3-1). Formålet med vurdering i fag er å fremje læring undervegs og uttrykke kompetansen til eleven undervegs og ved avslutninga av opplæringa i faget. Vurderinga skal gi god tilbakemelding og rettleiing til eleven, (§3-2).

Undervegsvurdering i fag skal brukast som ein reiskap i læreprosessen som grunnlag for tilpassa opplæring og bidra til at eleven aukar kompetansen sin i fag. Undervegsvurderinga i fag skal skje løpande og systematisk og kan vere både munnleg og skriftleg. Undervegsvurderinga skal innehalde informasjon om kompetansen til eleven og gi rettleiing om korleis ho eller han kan utvikle kompetansen sin i faget, (§3-11).

I møte 21.08.12, sak 32/12, vedtok Opplærings- og helseutvalet at 10 skular skulle påleggjast å gjennomføre forsøk med anonyme prøver våren 2013. I utforminga av forsøket vart det gjort klart kva krav til tilbakemelding som måtte oppfyllest av den einskilde skule, og informert om at det skulle leggjast fram rapport frå forsøket for Opplærings- og helseutvalet i august 2013.

Ca. 990 elevar fordelt på 37 klassar gjennomførde forsøket i 2013, og forsøket vart evaluert med ei spørjeundersøking til elevar, lærarar og skuleleiarar ved skular som hadde delteke i utprøvinga. Det var dessverre låg svarprosent både frå elevar og lærarar. Det har generelt vore uttrykt motstand blant lærarane i HFK mot bruk av anonyme prøver, og dette inntrykket vart stadfesta gjennom svара i undersøkinga. Tilbakemeldingane var så godt som eintydig negative frå lærarar/skuleleiarar som deltok i forsøket. Dei som melde tilbake, skreiv at dei opplevde forsøket tungvint og byråkratisk, og at bruk av anonyme prøver vart opplevd som mistillit mot lærarane. Det vart og meldt tilbake at anonyme prøver førte til at lærarane mista oversikt over den einskilde elev si faglege utvikling, og dei opplevde det vanskeleg å oppfylle intensjonane som er uttrykte i vurderingsforskrifta om at vurdering skal fremje elevane si læring.

Utprøving av ordningar med anonyme prøver har også blitt gjennomført i andre fylke. I Møre og Romsdal vart ei ordning med anonym retting prøvd ut i 2012/13. På grunnlag av evalueringa vart det gjort politisk vedtak hausten 2013 om at anonyme prøver skulle vere ei frivillig ordning for skulane. Tilsvarande vedtak vart gjort i Rogaland fylkeskommune i 2015, der ordninga har vore prøvd ut i skuleåra 2013/14 og 2014/15 og deretter grundig evaluert i 2015. Hovudgrunngevinga for å gjere ordninga frivillig for skulane var at det ikkje har kome fram funn i evalueringane som gir grunnlag for å seie at det er signifikante avvik mellom anonyme prøver og ordinære prøver.

Fylkesrådmannen si vurdering:

Frå hausten 2015 vart det vedteke endringar i forskrift til opplæringslova kap. 3, som skal leggast til grunn for skulane sin vurderingspraksis. Her vert det særleg gjort greie for samanhengen mellom undervegsvurdering og standpunktkarakter i fag:

§ 3-16 Samanhengen mellom undervegsvurderinga og standpunktkarakteren i fag:

Undervegsvurderinga skal fremje læring og gi eleven høve til å forbetre kompetansen sin gjennom opplæringstida i faget. Den kompetansen eleven har vist undervegs i opplæringa er ein del av grunnlaget for vurdering når standpunktkarakteren skal fastsetjast, (jf, §3-3 og §3-18).

Etter to år med ei obligatorisk ordning med anonyme prøver på slutten av opplæringa i fag med sentralgitt/lokalgitt skriftleg eksamen meiner fylkesrådmannen at det kan vere tid å vurdere dette kravet på nytt. Sjølv om det i år ikkje har vore gjennomført noko evalueringsundersøking, stadfestar meir generelle tilbakemeldingar at dette er ei ordning som skulane meiner ikkje stør opp om og bidreg til utvikling av ein lærande vurderingskultur bygd på tillit.

Karaktersetting er ingen eksakt vitenskap. Det er vanskeleg å få til fullstendig samsvar mellom fagleg prestasjon og karakter anten vurderinga er open eller anonym. Det er viktig å ha tydelege vurderingskriterium som grunnlag for karaktersettinga. Desse må vere kjent for elevane, og lærarane må ha ei felles praktisering av dei. Fylkesrådmannen meiner at nytteverdien av ordninga med anonym retting av prøver ikkje står i forhold til tids- og ressursbruk.

Ut frå dei erfaringane som no er hausta, meiner fylkesrådmannen at det er skulane som best kan vurdere om dei vil nytte anonyme prøver vidare. Rett vurdering er viktig og bør sikrast gjennom gode interne samarbeidsrutinar om vurdering og arbeid med vurderingskriterium internt på skulane og i andre fagfora der lærarar samarbeider.